



Lillejentelaget har fått ein fin sesongstart. (Foto: Thor Inge Døssland)

Uskedal sitt lillejentelag har fått ein flott start på sesongen. Mandag var Solid Rød gjester på Heio-graset. Vertene leverte ein svært god kamp og vann til slutt så klart som 5-0 etter at stillinga ved pause var 2-0.

Laget forsette med det gode spelet frå opningskampen. Forsvaret tetta godt att bakover samstundes som angrepsspelarane spela seg til mange og gode sjansar. Dette resulterte i heile 5 mål. Ingebjørg Haugland har funne scoringsforma og noterte seg for 4 fulltreffarar. Det femte målet vart sett inn av Karoline Isdal Amundsen.

Desse jentene spela kampen mot Solid: Katrine Y. Røssland, Marte Dagestad, Susanne L. Eik, Victoria A. Eik, Marit Inga T. Sture, Kaja Døssland, Kari Bråtun, Bente Halvorsen, Karoline I. Amundsen og Ingebjørg Haugland.

Kjekt var det og å registrera at den unge dommaren Thomas Halvorsen gjorde ein god figur. Han hadde kampen i si hule hand.

Av Thor Inge Døssland